



Thomas Enes  
Leknesvegen 93  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/3997 - 17/1058

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.01.2017

## Avvist søknad - gbnr 195/6 Leiknes

### Administrativt vedtak. Saknr: 012/17

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1, Velg et element.

**Tiltak**

Det er søkt om etablering av garasje på gbnr 195/6 fnr 9 i søknad journalført 02.01.2017.

**VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Søknaden er ikkje signert.
- Tilaket er ikkje nabovarsla.

Før søknad vert send inn skal naboar og gjenbuarar varslast. Ved innsending av søknad skal gjenpart av nabovarselet leggjast ved saman med eventuelle merknader frå naboar.

- Teikningsmateriellet har ikkje tilfredsstillande kvalitet.

Det må utarbeidast plan-, snitt- og fasadeteikningar av heile tiltaket. Teikningane skal vera målsett og i målestokk. Høgdeplassering må gjevast opp og nødvendige terrengprofil må leggjast ved.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunan sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.



## VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av garasje på gbnr 195/6 fnr 9 avvist. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Når søknaden er avvist vert byggjesaka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om saka skal takast til handsaming.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3997**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Thomas Enes

Leknesvegen 93      5915

HJELMÅS